

Bortanfor tid og rom

Det er meir mellom himmel og jord enn dei fleste andre stader.

NOVELLER

JAN GRUE:

Ubestemt tid

GYLDENDAL 2011

Jan Grue (f. 1981) debuterte i fjor med tolv noveller. No er han tilbake med tolv nye. Tolvtalet høyrer heime blant dei magiske tala, og Grues noveller er også farga av magi, mytar og mystikk når han oppløysar tida og lét folk reise fram og tilbake i historia eller lét dei opptre i tidlause tilstandar sånn som tittelen seier, i *Ubestemt tid*. Slik framstår det alternative verdsbilete og alternative verdsforståingar på sida av det sansbart verkelege. Grue opererer rett og slett med fiksjonar, den sjangeren argentinararen Jorge Louis Borges står som skaparen av i mellomkrigstida.

I den siste novella, «I biblioteket», opptre jamvel Borges i eigen person eller «i drømmen til en langt mindre kompetent forfatter», og denne lett ironiske og sjølvironiske leiken pregar fleire av Grues noveller, både i boka av året og i boka frå i fjor. Han går i dialog med sin eigen fantasi og skaper på den måten ekko frå historia, frå mytane og frå andre forfatterskapar han har late seg inspirere av med det målet for auget å løyse opp tid og rom slik at alt som hender, skjer innanfor rammer av samtidighet.

TIDSGRENSA

Grue finn bibliotek og store encyklopediske kunnskapsbasar inspirerande, likeins vitenskapleg forskning og overskridande eksperiment. Han er oppteken av tidsdimensjonen og sprang i tid, tid som forsvinn i form av hol i kalenderen, tidsgrenser på tvers av generasjonar, og i ei av noveller kan forteljaren sjå naboungane både som barn og oldingar ute i hagen, alt etter om dei er på den eine eller den andre sida av den tidsgrensa som deler eigedomen, og han spør om det går an å kjenne seg heime i det tidlause eller om mennesket alltid må ha tidsrammer rundt liva sine.

Det er fascinerande og uventa tankesprang i desse tekstane, og Grue reiser spørsmål kring liv og død, avstand og gløymse og det å gå inn i ein tilstand av evig liv gjennom den oppløyste tida. På den måten blir det muleg å reise som turist tilbake til dei store hendingane i Historia, til det gamle Athen eller Roma, til 1814, til 1350, eller det går an at vi får besøk frå andre tidsperiodar slik opningsnovella legg opp til ved at ei vitenskapleg gruppe forskar på ein berserk frå vår urnorske fortid. Likeins kan det framtidige komme til oss, og det vil

vere fullt muleg å leve livet baklengs.

GULLALDEREN

Når var Gullalderen, blir det spurt om i éi av novellene, og svaret er at det er no, vi lever i ei overflod av velstand, informasjon og kunnskap som ingen generasjon før oss har opplevd. Samtidig trer dystopien fram, for kven har kontroll over alt som skjer, og når Rottetfangaren frå Hameln dukkar opp i ei av novellene, er det eit klart signal om at vi skal passe oss for bergtakinga og narcissismen i vår eiga samtid, for det er ikkje så sikkert «at det finnes en vidunderlig verden alle andre vet om».

Jan Grue skriv lett og underhaldande, han tenkjer klart, er kunnskapsrik, og han flyttar seg elegant og smidig ut av og inn i merkverdige fiksjonar som både gir næring til tanken og til fantasien. Tilrådd!

ODDMUND HAGEN

Oddmund Hagen er forfattar og fast bokmeldar for Dag og Tid.



Det er fascinerande og uventa tankesprang i desse tekstane.



Peder Påske på Den Nationale Scene er stort sett så parodisk og karikert at det liknar på «The Muppet Show», skriv Bent Kvalvik. Fra venstre: Dorina Marie Eldøy-Iversen, Eirik del Barco Soleglad, Jon Ketil Johnsen, Siren Jørgensen og Lykke Kristine Moen. Foto: Leif Gabrielsen

Sprudlande, men outrert

Den bergenske miljø- og tidskoloritten kjem ut av fokus.

TEATER

DEN NATIONALE SCENE:

Peder Påske

Av Gunnar Staalesen

FRITT ETTER «KRØNIKER FRA DEN GAMLE BY» AV HANS WIERS-JENSSEN. REGI: SVEIN STURLA HUNGNES

Hans Wiers-Jenssen (1866–1925) er ein mann Den Nationale Scene og norsk teater i det heile står i gjeld til. Både som dramaturg, omsetjar og dramatiker forma han mykje av det som skulle prege norsk teater i det tjuande hundreåret, ikkje minst leverte han to «evergreens» til den norske skodespelleritteraturen: komedien *Jan Herwitz* og mellomalderdramaet *Anne Pedersdotter*. No har vår tids bergenskrønikor Gunnar Staalesen laga ein musikalsk komedie over nokre av Wiers-Jenssens gamle bergenshistorier.

Det har vorte ei underhaldande framsyning, frodig og sprudlande av overskot. Men så outrert og ikkje-realistisk er stykket i uttrykket at den bergensk-historiske miljø- og tidskoloritten kjem ut av fokus. (Sjølv om språkbruken verkar autentisk nok.)

TEIKN I TIDA

Det er påfallande – og kan hende eit teikn i tida – at bergensscena spelar dette stykket berre nokre månader etter Oslo Nye Teaters oppsetjing av *Trollbyen*. Fellestrekka er så mange at ei samanlikning vert uunn-gæeleg. Både stykka utforskar det norske bymiljøet i gamle dagar, med kontrastane mellom det borgarlege kjøpmannskapsmiljøet og underverda med forbrytarar, karismatikarar og fante-pakk. Og midt mellom desse sjølvsaugt heiderlege arbeids- og tenestefolk.

Det kan synast som om norsk teater ser tida inne for å sjå det moderne, industrialiserte Noreg i perspektiv. Men valet av perspektiv er vel nett problemet med bae desse stykka. I *Trollbyen* strekte ein seg etter ein autentisitet ein ikkje greidde å fullføre. I *Peder Påske* gjer ein mest det omvendte. Figurar, scenografi, kostyme og maskering er stort sett så parodisk og karikert at det liknar på «The Muppet Show».

Musikken og songane er fengjande, men her òg er det berre unnataksvis vi har kjensla av rett tidskoloritt. Alt dette svekjer ein god del av det reelle innhaldet i Wiers-Jenssens historier, men styrkjer tidsbiletet på premissane til satiren. Vi må berre godta at dette først og fremst er moro, meir enn eit drama frå gamle dagar.

SKRUDD SELSKAP

Eigentleg er det først eit godt stykke ute i den andre akta vi fullt ut godtek dette. Persongalleriet verkar til å byrje med for sprikjande. Wenche Kvamme som husjomfrua Rasmine Hinrichsen er så truverdig og ekte som nokon kan vere, men ho vert merkeleg einsam i det skrudde selskapet ho er i. Ekteparet Selsing, spela av Jon Ketil Johnsen og Siren Jørgensen, er groteske karikaturar frå første augneblink, men det skal vedgåast at dei gjennomfører med stil, ikkje minst ho.

Frøde Rasmussen som den gamle, døyande moster Jannike

er i utgangspunktet halsbrekkande rolleplassert, men greier mirakuløst nok å tilføre scenene sine eit pust av sårbart alvor. Ikkje noko billeg dragshow der i garden. Elles registrerer vi at Bjørn Willberg Andersen som ein slags usynleg forteljar, Pål Rønning som den mykje omtala målaren Peder Påske, Lykke Kristine Moen som den opprørske dottera og mange andre gjer sitt til at stykket vert elskeleg skøyarkomedie.

AKROBATIKK

Men altså – så kjem andre akta, der Selsing junior kjem heim frå utlandet med si eksotiske tru-lova Maria. Først her, med Eirik del Barco Soleglad og Dorina Marie Eldøy-Iversen på scena, vert framsyninga ellefvill for alvor, først i eit unikt komisk og elegant musikalnummer, og deretter, resten av tida, i ein komedieakrobatikk som ein mest må gni seg i auga for å tru på. Etter denne nest siste sekvensen vert den tvitydige og tragikomiske avslutninga på stykket noko pretensios. Det får vi heller tole. Men om det bergenske teaterpublikummet er sjølvironisk nok til å ta ei så grell bergenskildring til brystet sitt, står att å sjå. Det var bra med folk i salen då vi var der. Men dei reiste seg ikkje opp under applausen.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkivar og fast teatermeldar for Dag og Tid.

Vi må berre godta at dette først og fremst er moro, meir enn eit drama frå gamle dagar.